

Seremne nr. 5

## **NOKRE SPØRSMÅL OM VOGGA**

Med denne vesle emnelista setter vi fram visse spørsmål om barnevogga, som vi ynskjer opplysning om. Vi ventar ikkje ei heil utgreiing om alt som vedkjem vogga. Det lyt vi koma attende til ein annan gong. Denne gongen gjeld det berre desse spørsmåla:

- 1) Korleis er den eldste voggetypen som er kjent i bygda? Har De høyrte gjete vogger som var hula ut av tre?
- 2) Har det vore bruk å leggja nyfødde barn i dryftetroget?
- 3) Kjenner De til at ordet lur kan tyda vogge? I så fall vil vi gjerne vita korleis vogga med det namnet var laga, t.d. om ho hadde meier eller om ho var ei hengevogge, hengt opp etter tog eller ler-reimar.